



# Skadeflaumar i vestsidelvane

Skadeflaumar har det vore mange av i vestsidelvane i Jostedalen gjennom åra. Eit stygt eksempel på steinmassar som kjem ned med flaumane ser ein på dette biletet frå Sagarøyane i 1979. Det skal ikkje mange kubikk vatn til i reduksjon i kvar av desse elvane før ein tek flaumtoppane, og dermed reduserar skade.

Det er betegnande for situasjonen i denne saka at grunneigarane som soknar til skadeelvane er sterkt FOR ei regulering som omsøkt av Statkraft. Dessutan er det betegnande at så få av ibuarane i Jostedalen skreiv under på oppropet om å gå imot utbygging. Av dette kan ein slutta at (som vanleg) er det motstandarar av regulering som går på barrikadene for å hindra utbygging. Fleirtalet – den tause majoritet – let ikkje høyra frå seg. Dei lit vel på at dei folkevalde vil gjere sitt beste til nytte for fellesskapet - for oss alle i kommunen.

Det er ikkje bra at utbyggingsmotstandarane må ty til usanningar og overdrivingar for å blåse opp støtta mot utbygging, for her møter ein mange tordenskjolds soldatar.

I fleire lag- og organisasjonar, som har gått imot utbygging, er det mange av dei same folka som går att. I Sogn Avis i dag 11.10. gjer avisa i eit innlegg eit stort nummer av at medlemsmøte i Jostedal arbeiderlag går imot omsøkt utbygging av vestsida og Vigdøla. Eg har fått skriftleg stadfesta at det aldri har vore halde noko medlemsmøte i arbeidarlaget, der eg sjølv er medlem. Vedtaket står difor kun for nokre styremedlemmar i arbeidarlaget.

Så får ein berre håpe at kommunestyret den 18.10. tek ansvar og godkjenner vestsidelvutbygginga, som i det store og heile ber med seg berre goder for kommunen!

**Oddvin Fossøy**  
- pensjonist